

	<b>Varsel om utskrivingsklar pasient /oppheving av varsel om utskrivingsklar pasient</b>		Dokument-id: D16758		
			Prosedyre		
<b>Organisasjon</b> Samhandling eksternt Prosedyrar	<b>Utarbeidd av</b> I. Mowatt/L.Haveland	<b>Godkjent av</b> Roseth, Vidar	<b>Versjon</b> 1.01	<b>Gyldig frå</b> 10.08.2015	<b>Rev. innan</b> 10.08.2016
			<b>EK-ansvarleg</b> Iglund, Stig		

### 1 Føremål

Syte for ei tydeleg ansvars-og oppgåveavklaring vedrørende varsel om utskrivingsklar pasient/oppheving av varsel om utskrivingsklar pasient.

### 2 Omfang

Prosedyra gjeld alle somatiske einingar i verksemda som har innlagde pasientar med behov/forventa behov for kommunale helse-og omsorgstenester etter utskrivning. Gjeld ikkje dagbehandling/poliklinisk behandling.

### 3 Definisjonar

Utskrivingsklar pasient (definert i §9 i Forskrift om kommunal medfinansiering av spesialisthelsetjenesten og kommunal betaling for utskrivingsklare pasienter):

«En pasient er utskrivingsklar når lege på sjukehus vurderer at det ikke er behov for ytterligere behandling i spesialisthelsetjenesten. Vurderingen skal være basert på en individuell helsefaglig vurdering, og følgende punkter skal være vurdert og dokumentert i pasientjournalen

- Problemstilling(e) ved innleggelse, slik disse var formulert av innleggende lege, skal være avklart
- Øvrige problemstillinger som har fremkommet skal være avklart
- Dersom enkelte spørsmål ikke avklares skal dette redegjøres for
- Det skal foreligge et klart standpunkt til diagnose(r), og videre plan for oppfølging av pasienten
- Pasientens samlede funksjonsnivå, endring fra forut for innleggelsen, og forventet framtidig utvikling skal være vurdert»

### 4 Ansvarspresisering

Avdelingssjef har det overordna ansvaret for at prosedyra vert fulgt. Det er ei sjukepleieoppgåve i behandlingsansvarleg eining å syte for at varslingar til kommunehelsetenesta vert utført i tråd med prosedyra.

### 5 Framgangsmåte

Når pasient er definert som utskrivingsklar skal sjukepleiar følgje veiledninga i sjekklista i Dips(sjå vedlegg). Det inneber at ein må:

- Ringe kommunen sitt kontaktpunkt og gje eit telefonisk «varsel om utskrivingsklar pasient» om at pasient er utskrivingsklar frå frå og med neste dag/eventuelt same dag. Ein skal som hovudregel gje eit slikt *telefonisk* «varsel om utskrivingsklar pasient» dagen før det er forventa at pasienten er utskrivingsklar dersom mogleg (*Skriftleg* «varsel om utskrivingsklar pasient» skal alltid opprettast på same dato som pasienten reelt er utskrivingsklar).
- Ved varslingar til kommunehelsetenesta skal ein bruke kontaktpunktlista på intranett: [http://intranet.helse-forde.no/getfile.aspx/document/epcx\\_id/561/epdd\\_id/3906](http://intranet.helse-forde.no/getfile.aspx/document/epcx_id/561/epdd_id/3906)
- Ein skal som hovudregel gje alle telefoniske varslingar på dagtid mellom 08.00 og 15.30 (alle dagar inkludert helg og høgtid).

### Dersom kommunen tek imot pasienten frå den dato pasienten er erklært utskrivingsklar:

- Lege skriv i journalnotat at pasienten er definert utskrivingsklar frå spesialisthelsetenesta etter kriterier gitt i definisjon av «utskrivingsklar pasient» ovanfor.
- Sjukepleiar dokumenterar i sjekklista at telefonisk «varsel om utskrivingsklar pasient» er gitt i tråd med veiledning i sjekklista.
- Sjukepleiar dokumenterar kommunen si tilbakemelding i sjekklista.

**Dersom kommunen *ikkje* tek imot pasienten frå den dato pasienten er erklært utskrivingsklar:**

- Lege opprettar dokumenttype «varsel om utskrivingsklar pasient» i Dips, og skriv frå kva dato pasienten er definert som utskrivingsklar (dvs.dagens dato ettersom slikt varsel skal kun opprettast på den datoen pasienten reelt er utskrivingsklar)
- Lege må samstundes syte for at det vert haka av for «utskrivingsklar pasient» i Dips ettersom dette gir grunnlag for rapporten som økonomiavdelinga hentar ut.

**Interne referansar**

Delavtale: Samarbeid om utskrivingsklare pasientar som vert vurdert å ha behov for kommunale tenester etter utskrivning frå spesialisthelsetenesta-somatikk

[http://intranet.helse-forde.no/getfile.aspx/document/epcx\\_id/561/epdd\\_id/3893](http://intranet.helse-forde.no/getfile.aspx/document/epcx_id/561/epdd_id/3893)

**Eksterne referansar**

Forskrift om kommunal medfinansiering av spesialisthelsetjenesten og kommunal betaling for utskrivingsklare pasienter <http://www.lovdato.no/for/sf/ho/xo-20111118-1115.html>